

1

Slikt for har vore nytta her i bygda i aldri så lang tid attigjennom. Det faste namnet på det er beit. Brom har ikkje vore brukt til namn. Det mest vanlege treslaget som ein har brukt til beit, er bjørk. Men rogn og selje har og vore brukt.

2


Når ein skal henta slikt for, seier vi at ein skal ta beit (han ska sta å ta beit). Her har ikkje vore brukt nokon serskild slede til å dra heim beita på. Ein bar eller drog på dragar-kjelke, eller kørde med hest og brukte vedasleden. Då tok ein med heile bjørkene.

3

Det var på seinvinteren eller helst om våren ein tok beit. Det vart teke beit av brenneveden som vart heimkøyrd òg, - så når våren var komen, var ofte vedkosten (-haugen) snøydd for dei gråste kvistene. Det ein kallar brom, vart henta om våren, etter at knuppene var utsprottne.

4

Når ein tek beit, brukar ein lauv-jønn (-jarn). Vanleg sigd vart og brukt. Lauvjarnet var heimelaga av ein avhoggen lå, eller smidd serskilt.



Lauvjønn.

5

Det er kyrne som får beita, - ein sjeldan gong og sauene. Dei gjev ikkje beita saman med anna for, berre åleine.

6

Beithaugen legg dei utafør læa - fjøsdøra. Ein sløpper ikkje krøtera ut og bort i beithaugen. Beita blir innboren og lagd i båsane eller i krubba.

7

Den skikken som er nemnd i dette nr., kjenner ein ikkje her i bygda.

Bøying av ord:

eitlaujønn laujønne laujønn laujønna (dialekt)
einsøgd segden segda segdainn
ei beit beita